

## - KUNNGJERING -

### **Sunnhordland Kraftlag AS – Søknad om løyve til bygging av Liarelva kraftverk i Liarelva i Kvinnherad kommune**

NVE har motteke ein søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS om løyve til bygging av Liarelva kraftverk i Kvinnherad kommune.

Liarelva har utløp i Matresfjorden. Liarelva kraftverk vil nytte eit fall på 438 m med inntak på kote 440 og kraftstasjon på kote 2. Røyrgate på om lag 1000 m vil bli nedgraven så langt det er mogleg. Det er ikkje planlagt permanent veg til inntaket. For tilkomst til kraftstasjonen vil det byggast ein 400 m lang traktorveg, alternativet er å ha tilkomst til kraftstasjonen berre frå sjø. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 10 l/s heile året. Kraftverket vil ha installert effekt på 1,8 MW og ei produksjon på 7,3 GWh i eit gjennomsnittleg år.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Kvinnherad Bibliotek på Husnes, på rådhuset i Rosendal, på Jon Lyngnes bensinstasjon i Matre og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Energi Teknikk AS v/ Arild Klette Steinsvik på tlf. 53 48 72 06 eller e-post: [arild@energi-teknikk.no](mailto:arild@energi-teknikk.no).

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **19.16.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.